

Invitasjon til samling i
Nasjonalt Museumsnettverk for kulturlandskap



Vestland
26.-28. april 2022

M U
H O
MUSEUMSSENTERET
I HORDALAND

M
MUSEA I SOGN
OG FJORDANE

V
Høgskulen
på Vestlandet

Velkommen til årets nettverkssamling. I år går turen til musea Havrå og Lyngheisenteret som er del av Museumssenteret i Hordaland (MUHO). Havrå er Noregs fyrste freda kulturmiljø (1998) og vart «Utvald kulturlandskap» i 2017. Garden har vore i drift sidan eldre bronsealder og har ikkje vore utsifta. Havrå er på kring 2000 mål og med fem driftsområde. Store delar av kulturlandskapet er under restaurering grunna manglande drift gjennom mange år. Garden fekk eigen skjøtselsplan i 2019, og MUHO er gitt eit særleg ansvar for å vidareføre den stadeigne reiskapskulturen. På Havrå har dei gamalnorsk sau og vestlandsk fjordfe, og samarbeider med andre bønder for å få nok beitepress med sau og storfe. I fleire år har dei arbeid målretta for å få betre ullkvalitet på sauene gjennom eit samarbeid med Lygra Villsaulag. Her er 8 bruk, der MUHO har skjøtselsansvar for 4 av desse, dei resterande er eigde av private. Det bur framleis folk i tunet.

På Lygra går llynghelandskapet tilbake til bronsealderen og har sidan vore i kontinuerleg drift. Vernearbeidet på Lygra har sitt utspring frå Universitetet i Bergen sitt tverrfaglege forskingsprosjekt 'Lindås prosjektet' 1971 - 1976. Eit av dei viktigaste funna i prosjektet var at kystlyngheiene var eit 5000 år gammalt kulturlandskap og dei tradisjonelle driftsformene har gitt llynghieiene sitt karakteristiske form. Lyngheisenteret har saman med bruka på Ytre Lygra ansvar for skjøtsel av 1500 mål med kystlynghei. Kystlyngheiene hører til eit stort nordatlantisk kystlandskap frå Nord Portugal til Lofoten og er del av ein felles europeisk kulturarv. Kystlyngheiene er i dag ein trua naturtype. På Lygra er llynghieiene verna gjennom aktiv gardsdrift tufta på tradisjonell skjøtsel. Lyngheisenteret vart opna i 2000 .

Havrå

tysdag 26. april

Oppmøte på Arna stasjon

12.00: Avreise med fellestransport til Havrådalen

Ca. 13.00 – 15.00: Vi går frå Havrådalen og ned til Havrå. Turen går frå utmark til innmark og vi får ei forståing av det arealet som Havrå har å forvalta, samt at vi ser på nokre av dei prosjekta som museet driv. t.d. med restaurering av haustingskog og vegane der.

Ca. 15.00- 15.30: Enkel servering

Ca. 15.30 – 18.30: Tunet og husa på Havrå

Ca. 18.30: Avreise med buss frå Havrå mot Lyngheisenteret med guiding på bussen. Innlosjering på Lygra.

20.00 Middag og hygge



Lynghesisenteret med nettverkssamling

onsdag 27. april

8.00 – 9.00 Frukost på Lynghesisenteret

9.00 – 9.30: Lynghesfilmen

9.30 – 12.00: Vandring i lynghesiene

Denne økta er ute i landskapet med ein variasjon av vandring og diskusjonar.

- Vandring i lynghesiene – historisk bakgrunn for lynghelandskapet og ressursbruken på ein lynghiegard.
- Skjøtsel av lynghesiene, brenning, beiting og lyngslått



12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 16.00 Nettverkssamling tema: Kvifor kulturlandskap på museum?

- Nordhordland Unesco Biosfæreområde, eit modellområde for berekraftig utvikling, v/ Kari Evensen Natland, prosjektleiar. <http://www.nordhordlandbiosphere.no>
- Kva verdi og funksjon har gamle kulturlandskap som kystlynghesiene i dag ? v/ Siri Haugum, forskar og fagansvarleg Lynghesisenteret (LHS)
- Kulturlandskap på museum v/ Norsk kulturråd
- Diskusjon
- Nettverkssaker

Ca 16.00 – Praktisk arbeid i åkerbruk – Spa åker - Potetsetting m/ tang, så korn m.m.

18.30 Middag på museet m.m.

På kvelden er det mogleg sjå filmane «Kunsten å brenna lyng», «Havråfilmen», sjå ullaustillinga og praktiske aktivitetar med ull.

Lynghesisenteret

torsdag 28. april

8.00 – 9.00 Frukost på Lynghesisenteret

9.00 – 11.30 Forsking i samlingane på Havrå og Lynghesisenteret

- Info om forsking på Lynghesisenteret v/ Siri Haugum, forskar og fagansvarleg Lynghesisenteret (LHS)
- Slått frå nytt perspektiv v/ Ingrid Kvalvik Sørensen, phd-stipendiat kulturvitenskap og tidlegare dansar.
- Praktisk arbeid – «danse med ljå»

11.30 – 12.00 Lunsj

12.00 Avreise mot Hillesvåg

12.30-13.50 omvising på Hillesvåg ullvarefabrikk

14.00 Avreise med fellesbuss til Bergen

Vi reknar med å vera i Bergen ca. kl 15.

Praktiske opplysingar

Hugs: Vi kjem til å vera mykje ute. Det vil vera ein del gåing og på dag to og tre skal vi ha ei arbeidsøkt ute. Vêret kan vera variabelt. Ta med:

- varme og vind- og vasstette «arbeids»-klede
- gode arbeids-sko
- Ryggsekk til tur på Havrå (det vert delt ut niste som du kan eta undervegs)
- Ta gjerne med eigen kopp (tenk på miljøet).

Overnattinga på Lygra

På Lygra finst to overnattingsstadar, Lygra Gjestegard og Magnusgarden. Saman er det 31 senger + 1 sovesofa tilgjengelege. Det er enkel standard og ein må rekna med å dela rom. Sengetøy og håndklede er inkludert. For booking, send e-post til lynghesenteret@muho.no telefon: 56 35 64 10/ 95 15 87 56.

Lygra Gjestegard 15 senger

(det finst og eit alternativt rom med seng som vanlegvis vert brukt til bibliotek/kontor)

1 stk fleirmannsrom med inntil 5 senger og eige bad kr. 450/ seng

3 stk dobbeltrom med eige bad kr. 1090

2 stk dobbeltrom med delt bad kr. 990

Magnusgarden : 16 senger

Alle rom er med delt bad.

1 stk dobbeltrom (2 senger) kr. 900

1 stk fleirmannsrom (2 senger + 2 senger kammers) kr. 395/seng

1 stk fleirmannsrom (5 senger + 2 senger kammer) kr. 395/seng

1 stk fleirmannsrom (2 senger + 1 seng kammers) kr. 395/seng

For den som ynskjer å bu på hotell er alternativet Alver Hotell. Det ligg ca 20 min med bil frå Lygra. For dei som ikkje har bil kan vi ordna med skyss. Det er ikkje sett av nokre rom så ta direkte kontakt med hotellet. Dobbeltrom med frukost er frå 1720 kr pr. døgn. Telefon: 56 34 38 00

Korleis koma seg til samlinga?

Vi har sett oppmøtestad til Arna stasjon og reiser herifrå direkte til Havrådalen med buss. Til Arna stasjon vil det vera enkelt å koma med kollektivtrafikk frå Bergen eller med tog frå Voss. Det vil også vera mogeleg å parkera bil ved stasjonen mot avgift. For dei som kjem tidleg til Arna stasjon finst det fleire serveringsstadar ved Øyrane torg. Ved spørsmål ta kontakt med Havrå tlf. 56 39 02 90/ 95 91 47 42, mail: marit.adelsten.jensen@muho.no

Deltakaravgift

Som vanlig er deltakaravgifta etter sjølvkostprinsippet og varierer etter tal på deltagarar. Avgifta vert fakturert etter samlinga. Prisen i år vil truleg ligge på 2400 kr.

Dette er ikkje inkludert i prisen:

Reise til/frå seminaret

Overnatting

Frukost på Lyngheisenteret kr. 160 stk

Festmiddagen onsdagskveld kr. 630

Påmelding

Frist: 31. mars 2022

Med omsyn til buss er tak deltagarar 40 personar.

Påmelding: Musea i Sogn og Fjordane; marpet@misf.no, telefon: 47 45 02 19

Namn:

Institusjon:

Fakturaadresse:

Frukost på Lyngheisenteret.....

Festmåltid onsdagskveld.....

Spesielle omsyn:

Anna: